



# Protokoll

Styremøte 04-2021, 23. april

Møtet vart halde digitalt på Teams frå kl. 18.

Til stades: Torbjørn Bergwit Lauen, Terje Svindseth, Tone Mjelde, Nina Byttingsmyr, Maria Ellingsen Austbø og Bjørn Arve Moen, Mona Husby og Marit Kvamen. Frå kontoret deltok Rita Sirirud Vatnehol, Solveig Brekke Hauknes, Inger Johanne Ruset og generalsekretær Kai Roger Vatne.

## Sakliste

46/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste	1
47/2021	Godkjenning av protokollar	1
LANDSMØTESAKER		1
48/2021	Konstituering av landsmøtet	1
49/2021	Førebuing av landsmøtet	2
RESSURSDISPONERING		2
50/2021	Godtgjersle for styret i NU	2

23. april 2021

Kai Roger vatne  
generalsekretær

### **46/2021 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Sjå forslag til sakliste på første side

**Vedtak:** Sakslista blir godkjent.

### **47/2021 Godkjenning av protokollar**

Vedlegg: 01 01 Protokoll SM03, 12.03 og 14.03

Som vedlegg til saka følgjer protokoll frå styremøtet 12. og 14. mars for godkjenning.

**Vedtak:** Protokoll frå styremøtet 12. og 14. mars blir godkjent.

---

## LANDSMØTESAKER

---

### **48/2021 Konstituering av landsmøtet**

Vedlegg: 02 Deltakarliste (blir ettersendt på måndag)  
02a Forslag til suppleringsdokument landsmøtet

Vedlagt ligg forslag til konstituering av landsmøtet.

**Vedtak:** Forslaget til konstituering av møtet blir godkjent.

#### **49/2021 Førebuing av landsmøtet**

Vedlegg: 03 Forslag til køyreplan LM2021 (blir ettersendt på måndag)

I denne saka gjennomgår styret køyreplanen for landsmøtet, der oppgåver er fordelt, slik at den enkelte kan førebu seg på sine oppgåver. Styremedlemmene blir bedne om å merke seg sine tildelte oppgåver, slik at evt. behov for bistand frå kontoret. Vi gjennomgår alle saker og presentasjonar slik at alle er trygge på kva dei skal gjere.

**Vedtak:** Til orientering.

---

## RESSURSDISPONERING

---

#### **50/2021 Godtgjersle for styret i NU**

Vedlegg: 04 Godtgjersle til styret

Styret vedtok i juni 2017 at retningslinjer for godtgjersler til sentralt tillitsvalde i Noregs Ungdomslag skal vedtakast av det avtroppande styret, for det påtroppande styret. Dette skal vedtakast i mars månad kvart år.

I 2018 blei det vedtatt at ein skulle følgje dagens prinsipp om godtgjersle, men at ein som eit nytt prinsipp innfører indeksregulering av honorara, med utgangspunkt i endringar per 1. januar kvart år. I perioden januar 2020 til januar 2021 har prisstiginga i følgje SSB vore på 2,5 %. I den same perioden har lønnsauken for dei tilsette våre ca. 0,45%, noko som er ein forskjell på 2,05%.

På grunn av dette vil vi foreslå at ein i staden for følgje indeksregulering når ein endrar honorar, i staden følgjer lønnsutviklinga til dei tilsette som er forhandla fram av Virke. Dette vil gjere at ein ikkje får skilnader mellom kor mykje auke det er på honorara til styret og lønna til dei tilsette i NU. Vi foreslå også at honorara til styret i denne omgangen ikkje blir auka, men at ein i staden for legge inn eit eige tillegg til dei to nestleiarane i styret, som har eit høgare arbeidspress en eit vanleg styremedlem. Dette tillegget vil også kompensere for fleire møte.

Med bakgrunn i dette blir det foreslått følgjande nye satsar:

Styreleiar	Årleg honorar på kr 191 943
Styremedlemmer	Fast honorar for nestleiarar kr 8000 (ny frå 2021)
	Fast honorar for styremedlemmer kr 4265.
	Møtehonoralet for fysiske styremøte forblir kr 1066 per møte
	Møtehonoralet for digitale styremøte 400 kr. (ny frå 2021)

**Vedtak:** Styret vedtek å endre prinsipp om indeksregulering av styrehonorar til endre styrehonorara i samsvar med lønnsutviklinga til dei tilsette som er forhandla fram av Virke. Forslaget til godtgjersler for tillitsvalde 2021-2022 blir vedteke.

Kai Roger Vatne  
generalsekretær